

## STATUS- OG AKTIVITETSRAPPORT

### JANUAR – DESEMBER 2022

E-helse Vestland har vore i drift i 3 år og har teke med seg kunnskapen og kompetansen som har vore opparbeida sidan 2012, knytt til dei tidlegare prosjekta som var i regi av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet (NVP). 34 kommunar er med i prosjektet saman med dei tre Utviklingssentera for sjukeheim og heimetenester i fylket, Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforsking, IT forum Vest, Helse Vest IKT, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde og fleire brukarorganisasjonar. Prosjektet jobbar for at Vestland skal bli ein kraftregion for bruk av teknologi i helse og omsorgstenestene. At fleire aktørar har gått saman i eit prosjekt har gitt gevinstar og auka samarbeidet.

Etter to år med pandemi byrja også dette året med restriksjonar, og møte/arrangement måtte haldast for det meste digitale. Etter kvart har ein kunna byrja å jobba meir normalt igjen og det har vore mogleg å samla folk igjen til ulike Workshop og arrangement. Kommunane har opplevd eit stort trykk på mange andre område enn velferdsteknologi/e-helse, etter åra med pandemi, der mange ting no skulle takast igjen. Det har derfor vore viktig for prosjektet å ta omsyn til dette og ikkje overlesse dei med for mykje aktivitet. Og saman med kommunane prioritere viktige aktivitetar.

KS har jobba med ny strategi og organisering av arbeidet med e-helse, Felles plan og rammeverk. E-helse Vestland, som velferdsteknologinettverk i NVP, har i samarbeid med Digi Vestland, KS fagnettverk og KS e-Komp jobba med korleis ein skal organisera og strukturera seg opp mot det nye rammeverket her i Vestland. Dette har vore eit fokusområde som har kravd mykje ressursar der ein òg har delteke i fleire nasjonale samlingar i regi av KS i anledning dette arbeidet. Det er no etablert eit samarbeid med Digi Vestland der ein samordnar aktivitetar og i fellesskap ser på effektivisering og ressursutnytting innan e-helse. Intensjonen er at alle kommunar i Vestland skal inngå i dette samarbeidet.

#### Måloppnåing

Prosjektet er godt etablert med styringsstruktur med deltaking frå alle parter. Ulike nettverk for erfaringssdeling og kompetanseheving er vidareført frå tidlegare NVP-prosjekt. I nettverka held ein fram med å støtte og vugleia kommunane med å innføra tryggleik – og meistringsteknologi.

To av arbeidspakkane er knytt til NVP, Digital heimeoppfølging (AP 2) og Tenester til barn, unge og vaksne med medfødd eller tidleg erverva funksjonsnedsetjing (AP 5). Kommunar som deltek i AP 5 har sett i gong med bruk av teknologi til brukargruppa og føl NVP sitt opplegg på 2. året. Arbeidspakke 2 har drive med ein del førebuingar det første halvåret, og sette i gong med implementering av digital heimeoppfølging.

Arbeidet har resultert i dokument, rapportar, malar og rutiner som kan nyttast både lokalt, regionalt og nasjonalt. Arbeidet som vert gjort og erfaringane som vert gjort i E-helse Vestland har stor overføringsverdi. Og erfaringar vert etterspurt i andre land i Norden.

Ein viktig suksessfaktor er det breie samarbeidet mellom dei ulike aktørane og samarbeidspartane sitt felles arbeid i prosjektet. Ikkje minst det breie brukarmedverknaden vi har både på overordna nivå og ikkje minst i dei enkelte arbeidspakkane.

## Aktivitetar i prosjektet

### Styringsgruppemøte

15.02 (Digitalt)  
09.05 (Digitalt)  
08.09 (Digitalt)  
29.11. (Digitalt)

### Prosjektgruppemøte/Forankringsgruppemøte

12.01 (Digitalt)  
22-23.02 (Fysisk, Bergen)  
09.03 (Erstattat med møte i Bergen DISH-Prosjektet)  
20.04 (Avlyst)  
04.-05.05 (Fysisk, Førde)  
15.06 (Digitalt)  
07.-08.09 (Fysisk, Bergen)  
27.10 (Digitalt)  
01.-02.12 (Fysisk, Bergen)

### Prosjektsekretariatet

Fast møte kvar onsdag

### Felles møte med Brukarorganisasjonane

21.02 (Fysisk)  
05.09 (Fysisk)

### Møte med Statsforvaltaren

09.01 (Digitalt)  
07.09 (Digitalt)

## ARBEIDSPAKKAR

For å strukturere arbeidet har E-helse Vestland etablert 6 ulike arbeidspakkar med egne arbeidsoppdrag. Kjerneaktivitetane blir utført i desse.

### AP 1 Forsterke effekta og dyrka fram Vestlandsnettverket

DELMÅL	RESULTAT
<ol style="list-style-type: none"><li>1. Forsterke effekten av NVP og utvikle samarbeid i heile Vestland, inkl. prosjektleiing</li><li>2. Utvikle brukarperspektivet inkl. brukarorganisasjonar og arbeidstakarorganisasjonar</li><li>3. Vidareføre dokumentasjon av gode eksemplar og behov i Vestland</li><li>4. Samarbeid om behovsformidling regionalt og nasjonalt</li></ol>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Vidareført strukturerert samarbeid mellom helseføretak, kommunar/fylkeskommune, akademia, utdanningsinstitusjonar, brukarorganisasjonar og næringsliv</li><li>- Deling av erfaringar gjennom "Gode historier"</li><li>- <a href="#">heimeside</a> oppnår god trafikk, er aktive på sosiale media og har ein utprega delingskultur</li><li>- Undervisning på høgskule, fagskule og vidaregåande skular</li><li>- Foredrag på ulike konferansar, møter og Webinar både nasjonalt og internasjonalt</li><li>- Vidareformidling av behov til nasjonalt program</li><li>- Etablert eit godt brukarforum med halvårlege møte.</li><li>- Samarbeid med andre velferdsteknologi og e-helse prosjekt i landet (både nasjonalt og regionalt)</li></ul> <p>Alle samarbeidspartane har vore medverkande til at vi har nådd dei resultatet prosjektet har oppnådd.</p> <p>IT Forum Vest og Vestlandsforskning har vore ein viktig samarbeidspart knytt til strukturering og oppbygging, formidling og spreiling. Dei er viktig samarbeidspart knytt til innspel til prosjektet, om gjennomføring og aktuell forsking.</p> <p>Fleire arrangement er etablert i samarbeid med NSCC. Det gjer oss oppdaterte på det som skjer på leverandørmarknaden.</p> <p>E-helse Vestland var medarrangør av <a href="#">Helseinnovasjonskonferansen</a> i Førde i februar.</p> <p>Jevnleg kontakt med alle USHT-ene om arrangement, samt samarbeid om prioriterte områder. Dette gjev større nedslagsfelt og får direkte informasjon om behov og kva som skjer i tre nedslagsfelta til dei tre USHT-ene.</p> <p>Heilskapleg tenestemodell og dei ulike kvikkguidene er verktøy frå NVP, og vert brukt ved implementering av</p>

	<p>velferdsteknologi og digital heimeoppfølging. Her er det tett samarbeid med InnoMed og PA Consulting, samt NVP.</p> <p>E-helse Vestland har tett samarbeid med Fylkeskommunen primært for avdeling for utdanning, avdeling for digitalisering og avdeling for internasjonalisering.</p> <p>E-helse Vestland har utviklet og spred materiale for å dokumentere gode eksempler og behov:</p> <p>I samarbeid med USHT (Hordaland, Sogn og Fjordane) har E-helse Vestland arrangert digital inspirasjonsdag om velferdsteknologi:  <a href="https://vimeo.com/776620758">https://vimeo.com/776620758</a>  Inspirasjonsdagen har fått svært positiv oppmerksomhet både regionalt og nasjonalt. Målgrupper gir og tilbakemelding om stor nytteverdi.</p> <p>Spredningsmateriale for velferdsteknologi til barn og unge med nedsett funksjonsevne fra Radøy Arbeidssenter:  <a href="https://vimeo.com/790235269/8a9a578278">https://vimeo.com/790235269/8a9a578278</a></p> <p>Spredningsmateriale knytt til digital heimeoppfølging fra Ullensvang kommune:  <a href="https://vimeo.com/775952734/9533f824d8">https://vimeo.com/775952734/9533f824d8</a></p> <p>Spredningsmateriale knytt til digitalt utanforskning fra Bjørnafjorden kommune:  <a href="https://vimeo.com/705670433/1ef12cf9e">https://vimeo.com/705670433/1ef12cf9e</a></p> <p>Spredningsmateriale for å dokumentere DHO i Stad kommune:  <a href="https://vimeo.com/671748604">https://vimeo.com/671748604</a></p> <p>Videre har prosjektet vært en aktiv deltager i et mangfold av kommunikasjonskanaler for å spre relevant informasjon og løsninger. Særlig egen hjemmeside, men også i sosiale medier. Dette har vært et viktig ledd i forankringsarbeidet som også har gitt positiv oppmerksomhet både fra sentrale aktører og samarbeidsparter samt <a href="#">lokale medier</a>.</p>
--	---

## Aktivitet januar-desember 2022

DATO	AKTIVITET	MÅLGRUPPE
13.01	Undervisning HVL (e-helse vidareutdanning)	Studentar
17.01	Innlegg samarbeidsrådet Helse Førde og HVL	Medlemmar i samarbeidsrådet

03.02	Innlegg helseinnovasjonskonferansen i Førde	Ressurspersonar med interesse for e-helse
04.02	Avslutning av Vestlandsprosjektet og vegen vidare (Fysisk)	Kommunalsjefar region Hordaland
04.05	Informasjon og dialog kommunalsjefar region Hordaland (Digitalt)	Kommunalsjefar helse og omsorg
21.02.	Undervisning (HVL) studentar sykepleie (bachelor)	Studentar
21.02	Møte med alle brukarorganisasjonane (Fysisk i Bergen)	Brukarorganisasjonane
23.02	Innlegg om E-helse Vestland til Stortingskomiteen Helse- omsorg	Stortingsrepresentantar
10.03	Innlegg Webinar "leve hele livet"- Statsforvaltaren	Kommunar
16.03	Innlegg Helse – og omsorg , Sunnfjord kommune	Leiarar i helse og omsorg
18.03	Undervisning HVL (vidareutdanning demens)	Studentar
23.03	Innlegg Kompetansenettverket til InnoMed	Kompetansenettverket
31.03	Deltaking og innlegg i konferanse/webinar Leverandørutviklingsprogrammet i Oslo	Kommunar
21.04	Innlegg NSCC- Innovative anskaffelser	Leverandørar og kommunar
28.04	Innlegg E-kommunekonferansen (Barn, unge og vaksne – satsinga)	Kommunar
12.05	Innlegg Seminar om kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi Aurland Kommune	Innbyggjarar, tilsette, administrativ og politisk leiing.
18.05	Innlegg på konferansen til Statsforvaltaren, der kommunane møter staten, Balestrand	Kommunal og regional administrativ og politisk leiing.

31.05	Undervisning Fylkeskommunen, Amalie Skram vidaregåande skole	faglærarar innan helse og sosial
02.06	Innlegg om E- helse Vestland på konferanse Digitale Helsedager, Bergen	Konferansedeltakarar
02.06	Innlegg (etter innsendt abstrakt) om resultat frå spørjeundersøkinga om kompetanse på konferansen Digitale helsedager, Bergen	Konferansedeltakarar
03.06	Deltatt på Workshop for prosjektet, Pust Deg Betre, Førde	Ressurspersonar fagområdet e-helse
31.8	Deltatt i paneldebatt på NSF e-helse konferanse	Konferansedeltakarar
09.09	Innlegg webinar "Samhandling for en ny fremtid", Nasjonalt senter for e-helseforskning	Konferansedeltakarar
13.09	Undervisning HVL: implementerings-endringsprosessar	Studentar for yrkesskuleleiarar
22.9	Delteke på oppstartssamling av ABC velferdsteknologi i Sogn.	Deltakarar på ABC oppstartsseminar
23.9	Delteke på oppstartssamling av ABC velferdsteknologi i Sunnfjord	Deltakarar på ABC oppstartsseminar
28.09	Innlegg Kvalitets- og registerkonferansen, Helse Vest, Førde	Konferansedeltakarar
05.10	Videoinnspeling: InnoMed sin betydning for E-helse Vestland	
11.10	Innlegg Pensjonistлага i Sogn og Fjordane, Sogndal	Pensjonistлага i Sogn og Fjordane
18.10	Delteke på oppstartssamling av ABC velferdsteknologi i Nordfjord	Deltakarar på ABC oppstartsseminar.
27.10	Innlegg til E-helse Agder, Kristiansand	E-helse Agder
28.10	Undervisning på for vernepleiestudentar	HVL
02.11	Innlegg Samhandlingskonferansen, Helse Førde	Konferansedeltakarar

03.11	Innlegg "Møteplassen", Koordinerende enhet Helse Fonna om AP5	Kommunar og spesialisthelsetenesta
28.11	Undervisning bachelor vernepleiarutdanninga ved HVL, Bergen	Studentar
30.11	Innlegg IT Forum Vest sin konferanse, Voss	Konferansedeltakarar
01.12	Innlegg Digital inspirasjonsdag i regi av USHT-ene	Konferansedeltakarar
12.12	Innlegg Forum for oppvekst, Sunnfjord kommune	FMøtedeltakarar

<b>Statusmøter, dialog og informasjon, i kommunar</b>		
03.05.	Aurland Kommune (digitalt)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
13.05	Samnanger kommune (fysisk)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
19.05	Austevoll kommune (fysisk)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
20.05	Bjørnafjorden kommune (fysisk)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
23.05	Eidfjord og Ulvik (digitalt)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
24.05	Ullensvang kommune (fysisk)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
25.05	Austrheim kommune (fysisk)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
03.06	Voss herad (fysisk)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
16.06	Kvam herad (fysisk)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
24.08	Masfjorden kommune (fysisk)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
02.09	Vaksdal kommune (fysisk)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
12.09	Fedje kommune (fysisk)	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
26.09	Kvinnherad kommune	Kommune ved ressurspersonar og administrativ leiing
November	Gulen Kommune - avlyst	

## AP 2 Digital heimeoppfølging (DHO)

<b>DELMÅL</b>	<b>RESULTAT</b>
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ferdigstilling av modell og rutinar for aktuelle pasientforløp</li> <li>2. Etablere samarbeid med dei første pasientgrupper og deltagarar frå helsetenestene, inkl. opplegg for å inkludere fastlegar (med frikjøp som eitt verkemiddel)</li> <li>3. Starte dei første pilotforsøka med systemstøtte, inkl. samarbeid om vedlikehald og oppfølging av teknisk feil på utstyr hjå pasienten</li> </ol>	<p>Satsinga har 3 aktive arbeidsgrupper i gang med digital heimeoppfølging. Alle har prosessveileding frå InnoMed.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ullensvang/Kvinnherad kommuner/Helse Fonna: Sårbehandling med bruk av hovudkamera og oppkopling av samkonsultasjon/3-partsvideo mellom sjukehus, kommune og pasient/brukar.</li> <li>• Helse Førde/Sogndal /Årdal kommunar og 4 andre samarbeidande kommunar: 3-parts video mellom sjukehus/pasient/kommune i bruk innen psykisk helse/avklaring/oppfølging av helsetilstand. Prosjektet breddast no til 5 kommunar i Nordfjord-området.</li> <li>• Stryn kommune: sårbehandling ved bruk av hovudkamera, og i samkonsultasjon med sjukehus.</li> </ul> <p>Det er engasjert lokale medarbeidarar i kvar av dei tre områda for å gjennomføre prosjekta og bygge kompetanse lokalt.</p> <p>Det er gjort førebuande arbeid for å gå vidare med digital heimeoppfølging i form eigarapportering, monitorering, bruk av eigenbehandlingsplanar og oppfølging av helsedata.</p> <p>Samarbeidet med helsefortaka har i stor grad skjedd gjennom samhandlingsssjfane.</p> <p>Prosjektet er no del i det nasjonale programmet for digital heimeoppfølging. Praksis med 3-parts videokonsultasjoner skal utviklast og breddas til andre kommunar. Prosjektet færebur no tenesteutvikling med bruk av monitorering, eigarapportering og oppfølging på tvers av sjukehus og kommunar.</p> <p>FHI har arbeida med minimetode-vurdering og gevinstrealisering knytt til deltagande kommunar innan digital heimeoppfølging.</p> <p>Har fått prosjektmidlar frå Regionalt forskingsfond til å gjennomføre eit forprosjekt knytt til nye berekraftige tenester: 3-partsvideokonsultasjonar/samkonsultasjonar. HVL skal gjennomføre forskinga i samarbeid med Vestlandsforsking.</p>

	<p>Kvinnherad kommune er tildelt midlar frå Fylkeskommunen for å gjennomføre prosjekt om berekraftig utvikling knytt til digital heimeoppfølging. Dette har skjedd i samarbeid mellom Sogndal kommune og E-helse Vestland som partnerar.</p> <p>E-helse Vestland har samarbeid og gir bistand til andre prosjekt som gjeld samhandling kommunar/ sjukehus:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Pust deg bedre</a> - lungefysioterapi</li> <li>• <a href="#">ehierterehab</a> - digitalisering av rehabiliteringsforløp, trening/oppfølging frå Nordåsklinikken</li> </ul> <p>3 kommunar i Haugalandssområdet følger og har deltatt i arrangement i regi av E-helse Vestland innan digital heimeoppfølging, og har fått eigne midlar frå Statsforvaltaren i Rogaland.</p>
--	---

## Aktivitet januar-desember 2022

DATO	AKTIVITET	MÅLGRUPPE
19.01	Oppstartsmøte med InnoMed	Prosjektsekretariatet
22.01	Planleggingsmøte InnoMed	Prosjektsekretariatet
23.02	Planleggingsmøte InnoMed	Prosjektsekretariatet
16.03	Workshop (digital)	InnoMed arrangerte for arbeidsgruppa
19.03	Arbeidsgruppemøte: Oppstartsmøte	Arbeidsgruppe og InnoMed
13.04	Arbeidsgruppemøte	Arbeidsgruppe og InnoMed
29.04	Arbeidsgruppemøte	Arbeidsgruppe og InnoMed
04.05	Samarbeidsmøte: Prosjektet "Hjarte-Rehab"	Arbeidsgruppe og InnoMed
05.05	Samarbeidsmøte: Prosjektet "Pust deg betre"	Arbeidsgruppe og InnoMed
22.08	Arbeidsgruppemøte	Arbeidsgruppe og InnoMed
13.09	Arbeidsgruppemøte	Arbeidsgruppe og InnoMed
19.09	Informasjonsmøte spreiling av DHO	Prosjektkoordinator og Årdal kommune
28–29.9	DHO workshop oppstart av prosjekt med Stryn Kommune	Prosjektkoordinator og Stryn kommune / legekontor
21.10	Informasjonsmøte spreiling av DHO	Arbeidsgruppe og InnoMed
02.11	Samhandlingskonferanse Førde	Kommunar og helseføretak i Vestland
04.11	Minimetodevrudering (FHI)	Sogndal/ Kvinnherad

15.11	Prosjektledersamling	Hersedir
17.11	e-helse hjert rehab - fagdag	Haukeland
23.11	Opplæring hodekamera	Ullensvang
28.11	Deltak Nordhorslands prosj	Knarvik
05.12	Drøftingsmøte Norse feed back	Sogndal
Annan kvar veke haust	Prosjekt møter i lokale prosjekt	Helde Førde/ Sogndal kommune, ettkvart kobla på fleire Helse Fonna/ Ullensvang/ Kvinnherad, Stryn regelmessige prosjektmøte frå nov

## AP 3 Nettverk for responsenterløysingar Vestland

DELMÅL	RESULTAT
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kunnskaps- og kompetansedeling for styrking av slutningskompetanse</li> <li>2. Iverksette tiltaka i kompetansepakke for medarbeidarane i responstenestene</li> <li>3. Forsterke nettverk for samarbeid mellom responstenestene i Vestland (inkl. FoU-miljø)</li> </ol>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomført kartleggingsarbeid av kompetanse, organisering og effektar, samanstilling av resultat pågår.</li> <li>- Planlegg å vidareføre satsinga i arbeidspakke 2 frå 2023</li> </ul>

### Aktivitet januar-desember 2022

DATO	AKTIVITET	MÅLGRUPPE
18.02	Arbeidsgruppemøte <ul style="list-style-type: none"> <li>- Presentasjon av arbeidsgruppa</li> <li>- Utarbeiding av arbeidsgruppenotat</li> </ul>	Arbeidsgruppa
18.03	Arbeidsgruppemøte <ul style="list-style-type: none"> <li>- Presentasjon av tidlegare kartlegging</li> </ul>	Arbeidsgruppa
06.05	Arbeidsgruppemøte <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planlegging av ny kartlegging saman med AP4</li> </ul>	Arbeidsgruppa
02.06	Samarbeidsmøte med AP4 om kartlegging av kompetanse og struktur	Arbeidsgruppa
17.06	Arbeidsgruppemøte <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomgang av arbeid med kartleggingsskjema</li> </ul>	Arbeidsgruppa
7.11	Arbeid med artikkel om kompetanse	Deler av arbeidsgruppa
18.11	Arbeid med artikkel om kompetanse	Deler av arbeidsgruppa
23.11	Arbeid med artikkel om kompetanse	Deler av arbeidsgruppa
29.11	Arbeid med artikkel om kompetanse	Deler av arbeidsgruppa

Vidare arbeid med responsenter vil inngå i AP2, digital heimeoppfølging. Responsteneste vil bli en viktig del av tenesteutforming av digital heimeoppfølging.

## AP 4 Felles kompetanseutvikling

DELMÅL	RESULTAT
<p>1. Oppsummering og erfaringsoverføring med utdannings- og opplæringsinstitusjonane bygd på resultata frå den store kartlegginga av behov i kommunane i 2021</p> <p>2. Utvikling av den breie involveringa av utdanningsorganisasjonar frå alle nivå: – høgskule, vidaregåande skule, fagskule.</p> <p>3. Vidare føre dialogen for å sikre at kompetanseplan og kompetanseutvikling tilrådingane også inkluderer prosedyrar for sikkerheit, personvern og kompatibilitet (DPIA-gruppa)</p> <p>4. Vidareføre og vidareutvikle møteplassar for samhandling mellom næringsliv/ leverandørar og kommune der kommunane sin no sterke bestillarkompetanse skal legge grunnlag for både betre og meir presise innkjøp.</p> <p>5. Arrangere Helseinnovasjonskonferansen 2022 i samarbeid med Helse Førde og andre samarbeidspartar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomført spørjeundersøking til tilsette som jobbe med velferdsteknologi/e-helse saman med HVL. Sett ned ei eiga ad-hoc gruppe med tilsette frå E-helse Vestland og tilsett frå HVL som skal analysera resultat frå undersøkinga</li> <li>- Samarbeida om planlegging, med dei tre USHT på Vestlandet, om gjennomføring av Velferdsteknologiens ABC i løpet av 2022</li> <li>- Diverse kompetansehevande tiltak er gjennomført i andre arbeidspakkar</li> <li>- <a href="#">DPIA-gruppa</a> har utarbeida ulike DPIA for aktuell teknologi og spreidd dei til kommunane</li> <li>- Gjennomført Helseinnovasjonskonferansen 02.-03.02.22</li> <li>- Undervisning for alle lærarar i vidaregåande skule i fagområdet helse og sosial 31.05.</li> <li>- Fleire arrangement og samarbeid med Norwegian Smart Care Cluster der lokale og nasjonale leverandørar bidreg.</li> <li>- Bidrege med undervisning på HVL og vidareutdanningsløp for demens.</li> </ul> <p>Ved byrjinga av året gjennomførte prosjektet saman med HVL ei spørjeundersøking blant tilsette i kommunane knytt til deira kompetanse. Resultata frå undersøkinga skal nyttast til å leggje til rette og bidra til kompetansehevande tiltak der det er behov for det i kommunane. Utdanningsinstitusjonane nyttar også deler av resultata i deira utvikling av undervisning og tilbod.</p> <p>Spørjeunderundersøking som no har blitt analysert skal publiserast i eigen artikkel tidleg i 2023. I etterkant av denne vil rapporten kome. Dette arbeidet har vore eit samarbeid mellom HVL og E-helse Vestland. Kompetansekartlegginga legg grunnlag for kompetansehevande tiltak i alle kommunane og har òg stor overføringsverdi nasjonalt.</p>

Aktivitet januar-desember 2022

DATO	AKTIVITET	MÅLGRUPPE

10.01	Møte i Ad – hoc gruppa: Oppstart analyse av resultat	Ad – hoc gruppa
18.01	Møte i Ad – hoc gruppa: Analyse av resultat	Ad – hoc gruppa
11.02	Arbeidsgruppemøte: Presentasjon av foreløpige resultat frå spørjeundersøkinga samt innspel frå deltakarane i arbeidsgruppene	Arbeidsgruppe 3 og 4
23.02	Møte i Forankringsgruppa: Presentasjon av foreløpige resultat frå undersøkinga, samt innspel frå deltakarane i forankringsgruppa	Forankringsgruppa
10.03	Møte med USHT om oppstart av Velferdsteknologiens ABC på Vestlandet	Tilsette i E- helse Vestland og tilsette frå USHT - Hordaland, USHT – Sogn og Fjordane, USHT – Fonna, USHT – Rogaland?
08.04	Dagsmøte med USHT om planlegging av gjennomføring av Velferdsteknologiens ABC på Vestlandet	Tilsette i E- helse Vestland og tilsette frå USHT - Hordaland, USHT – Sogn og Fjordane, USHT – Fonna, USHT – Rogaland
26.04	Arbeidsmøte med USHT om planlegging av gjennomføring av Velferdsteknologiens ABC på Vestlandet	Tilsette i E- helse Vestland og tilsette frå USHT - Hordaland, USHT – Sogn og Fjordane, USHT – Fonna, USHT – Rogaland
26.04	Møte i Ad – hoc gruppa: Analyse av resultat og utarbeiding av materiale for presentasjon	Ad – hoc gruppa
04.05	Møte i Forankringsgruppa: Presentasjon av nokre analyser/resultat frå spørjeundersøkinga, samt innspel frå deltakarane i Forankringsgruppa	Forankringsgruppa
13.05	Møte i Ad – hoc gruppa: Utarbeiding av materiale for presentasjon	Ad – hoc gruppa
7.11	Arbeid med artikkel om kompetanse	Deler av arbeidsgruppa
18.11	Arbeid med artikkel om kompetanse	Deler av arbeidsgruppa
23.11	Arbeid med artikkel om kompetanse	Deler av arbeidsgruppa
29.11	Arbeid med artikkel om kompetanse	Deler av arbeidsgruppa

## AP 5 Velferdsteknologi til barn og unge med nedsett funksjonsevne

DELMÅL	RESULTAT
<p>1. Mobilisere til og etablere satsing på velferdsteknologi til målgruppa barn og unge</p> <p>2. Kartlegging av brukarbehov</p> <p>3. Utvikle modellar for samhandling lokalt</p> <p>4. Samarbeid med NAV og andre statlege aktørar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Har 8 spydspisskommunar</li> <li>- Deltakar og fått tilskot/prosessrettleiing frå Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP) satsing på velferdsteknologi til barn, unge og voksne med medfødd eller tidleg erverva funksjonsnedsetting frå 2021 med vidareføring i 2022</li> <li>- Etablert strukturert samarbeid mellom spydspisskommunane, NAV hjelphemiddelsentral, Statped, Fagforbundet, NFU, Ungdomsrådet Helse Bergen og brukarorganisasjonar. Arbeidet er organisert i ei arbeidsgruppe med månadlege møter</li> <li>- "Tenketank for velferdsteknologi i tenester til personar med utviklingshemming" er vidareført og vert frå 2022 eit tilbod til alle deltakarkommunane i E-helse Vestland</li> <li>- Fått tilskot knytt til kompetanse om velferdsteknologi til personar med utviklingshemming - eige tilleggsarbeid</li> </ul> <p>Arbeidsgruppa har avdekkja eit behov for å arbeide med å løyse barrierer mellom velferdsteknologi mellom NAV hjelphemiddelsentral og kommunal IT-struktur. Det er starta eit arbeid mellom NAV Hjelphemiddelsentral Vestland, IKT Nordhordland og E-helse Vestland for å løyse utfordringa. Erfaringa skal delast til nyte for andre.</p> <p>Det er etablert kontakt med Voksenhabiliteringa (HAVO) i Helse Bergen, og gjennomført felles møter. HAVO har saman med Statsforvaltaren ei viktig rolle når kommunane skal vurdere/tildele inngripande velferdsteknologi til personar med utviklingshemming.</p> <p>Det vart gjennomført ei større samling i mars for spydspisskommunene, AP5 si arbeidsgruppe og inviterte deltakarar frå USHT, Statsforvaltaren, HAVO og Nasjonalt velferdsteknologiprogram. Her vart det gjennomført felles informasjon, kompetanseheving og arbeid med temaet tenestereise sett frå brukarsida. Dette vart ein viktig møteplass for partar som skal samarbeide i dei nærmaste åra og så langt berre hadde hatt anledning til å møtast digitalt. Samlinga gav grunnlag for knytting av kontakt på tvers av kommunar og med eksterne samarbeidspartar.</p> <p>I samarbeid med VIS og NSCC vart det gjennomført leverandørpresentasjon i mars 2022. Dette har bidratt til at kommunane har fått innsikt i teknologiske muligheter, noko dei har etterlyst.</p>

Spydspisskommunane har brukt 2022 til å arbeide for å forankre og arbeide mot å etablere det tverretatlege samarbeidet som må til for å nå målet om heilskaplege velferdsteknologitenester til målgruppa. Ikkje minst er oppvekst og helse/omsorg viktige samarbeidspartar. Behova er varierande og komplekse, målgruppa er ikkje einsarta verken i diagnosar, alder eller hjelpebehov. Kommunane har difor erfart at det er behov for å gjere avgrensingar og ikkje gape over alt på ein gang.

Spydspisskommuanane er godt i gang med å tildele velferdsteknologiske til enkeltbrukarar/barn ut frå behov. Mange av brukarane/barna har teknologi frå NAV Hjelphemiddelsentral t.d. hjelphemiddel for tid og struktur. I tillegg nyttast velferdsteknologi frå tryggleiks- og mestringssatsinga til NVP av typen medisindispensere, lokalisering og digitale tilsyn/sensorar. I tillegg nyttar barnehagebarna/elevane ulike teknologiske verktøy i sin kvar dag der. Nokon kommunar er òg starta med å tilby annan teknologi t.d. skulerobotar. Enkelte kommunar er starta med spelteknoologi for å auke fysisk aktivitet. I tillegg kjem teknologi som personane sjølv eig av typen smarttelefonar, nettbrett og liknande. Desse kan ha nyttige APP-er som forenklar kvardagen, gjev meistring og bidrar til sosial kontakt og inkludering, aktivitet og til adspreddelse. Fleire kommunar har òg sett behov for gode samhandlingsverktøy rundt personar med fleire tenster, og ser på korleis ein kan nytte gode samhandlingsverktøy for å knytte tenestene saman.

I 2022 har det vore fokus på tre milepæler i NVP: gevinstarbeid, tverretatleg tenesteforløp og heilskapleg tenestemodell. Dette har kommunane jobba internt med i eigen kommune, og med veiledning frå E-helse Vestland i tillegg til NVP. Desse prosessane er viktige for å kartlegge behov og etablere tenesteforløp.

Erfaringar frå spydspisskommunar og Tenketanken sitt arbeid vert tatt med i planlegging av aktivitetar i regi av NVP. M.a. er E-helse Vestland sitt småkommunefokus viktig å ta inn i satsinga, då det er ulikskapar mellom store og små kommunar på området organisering, tilgang fagkompetanse og av og til behov. Prosjektkoordinator i E-helse Vestland er tatt inn i ei nasjonal ressursgruppe, innan satsinga på målgruppa, som NVP har etablert seinhausten 2022. Dette for å bidra med erfaringar og for å vere med på den vidare utviklinga av NVP sitt program i denne satsinga.

E-helse Vestland har vore bidragsytar mot konferansen til MTEK som skulle arrangerast for første gang i Bergen 2022. Denne vart usett pga. for få deltagarar.

	01.12 vart det gjennomført <a href="#">digital inspirasjonsdag</a> i regi av USHT-ene i Vestland og Fonna i samarbeid med E-helse Vestland. Denne vart godt mottatt og delt i heile landet.
--	---

## Aktivitet januar-desember 2022

DATO	AKTIVITET	MÅLGRUPPE
Januar-mars	Planlegging og utarbeiding av søknad tilskot til velferdsteknologi til barn, unge og voksne med medfødd eller tidleg erverva funksjonsnedsetting i regi av Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP)	E-helse Vestland og alle samarbeidspartar
Januar-mars	Planlegging og førebuing workshop 15.03	E-helse Vestland og alle samarbeidspartar
13.01	Møte med NVP om søknaden og vidare planar på området velferdsteknologi til barn, unge og voksne med medfødd eller tidleg erverva funksjonsnedsetting	E-helse Vestland, NVP
20.01	Møte med FHI og USHT: informasjon om kunnskapsoppsummering velferdsteknologi til personar med utviklingshemming	E-helse Vestland og samarbeidspartar
25.01	Møte i arbeidsgruppa	Arbeidsgruppa
25.01	Møte i "kompetansegruppa" (gruppe som arbeider med kompetansetiltak på området velferdsteknologi i tenester til personar med utviklingshemming)	Kompetansegruppa
01.02	Prosjektleiarsamling i NVP	E-helse Vestland og alle samarbeidspartar
10.02	Møte med nye prosjektansvarlege i kommunane	Kommunane
15.02	Møte med prosjektansvarlege i spydspiss-/deltakarkommunane	Kommunane
18.02	Møte med prosjektansvarlege i spydspiss-/deltakarkommunane	Kommunane
22.02	Møte i arbeidsgruppa	Arbeidsgruppa
Mars	Rapportering 2021 for tre tilskot frå NVP og Helsedirektoratet	E-helse Vestland og samarbeidspartar

Mars	Innsending søknad velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med medfødd eller tidleg erverva funksjonsnedsetting (NVP)	E-helse Vestland
Mars	Førebuing søknad kompetansetilskot tenester til personar med utviklingshemming (Helsedirektoratet)	E-helse Vestland og samarbeidspartar
Mars	Planlegging vidare arbeid og utviding av "Tenketanken" (ressursgruppe for velferdsteknologi i tenester til personar med utviklingshemming)	Kommunane
Mars	Møter med VIS (Vestlandets Innovasjonsselskap) for planlegging leverandørpresentasjon i arbeidsgruppa	VIS, E-helse Vestland
10.03	Leveranse statusrapport desember 2021-februar 2022 frå kommunane og det overordna prosjektet	Kommunane, E-helse Vestland
15.03	Workshop i regi av E-helse Vestland: tenestemodell sett frå brukarsida	Kommunane, E-helse Vestland og alle samarbeidspartar
21.03	Rettleiing med prosjektansvarlege i spydspiss-/deltakarkommunane	Kommunane, E-helse Vestland
21.03	Møte for avklaring barrierer for velferdsteknologi frå NAV Hjelpermiddelsentral i kommunale nett	IKT Nordhordland, NAV Hjelpermiddelsentral Vestland, Kommunar, E-helse Vestland
21.03	Møte med NVP	NVP, E-helse Vestland
22.03	Møte med prosjektansvarlege i spydspiss-/deltakarkommunane	Kommunane
22.03	Møte i kompetansegruppa for planlegging fagdag hausten 2022 i regi av USHT-ene	Kompetansegruppa
23.03	Møte med NVP	NVP, E-helse Vestland
29.03	Møte i arbeidsgruppa	Arbeidsgruppa
05.04	Møte med Habiliteringa for vaksne (HAVO), Helse Bergen	HAVO, E-helse Vestland
April	Planleggingsmøte med NVP for felles innlegg E-kommunekonferansen	NVP, E-helse Vestland
05.04	Digital prosjekteiarsamling i NVP	E-helse Vestland
06.04	Møte med Høgskulen på Vestlandet (HVL) om forskingsprosjekt barn og unge i regi av HVL	HVL, E-helse Vestland
19.04	Møte med prosjektansvarlege i spydspiss-/deltakarkommunane	Kommunane

19.04	Møte i kompetansegruppa for planlegging fagdag hausten 2022 i regi av USHT-ene	Kompetansegruppa
19.04	Møte for "Tenketanken"	Kommunane
21.04	Besök til ein spydspiss-/deltakarkommune som har tatt i bruk velferdsteknologi på arbeids- og aktivitetssenter	Kommunen, E-helse Vestland
26.04	Møte i arbeidsgruppa	Arbeidsgruppa
09.05	Workshop milepål 2 i regi av NVP	Kommunane, E-helse Vestland
31.05	Møte med prosjektansvarlege i spydspiss-/deltakarkommunane	Kommunane
31.05	Møte i arbeidsgruppa	Arbeidsgruppa
08.-09. 06	Prosjektleiarsamling i Oslo med NVP	E-helse Vestland, USHT
10.06	Leveranse statusrapport mars-mai 2022 frå kommunane og det overordna prosjektet	Kommunane, E-helse Vestland
13.06	Møte for "Tenketanken"	Kommunane
15.06	Kommunal leveranse til NVP av milepål 1: gevinstarbeid	Kommunane, E-helse Vestland
21.06	Møte med prosjektansvarlege i spydspiss-/deltakarkommunane	Kommunane
28.06	Møte i arbeidsgruppa - avlyst	
30.06	Innspeling av spreiingsmateriale knytt til lav-terskel velferdsteknologi (Alver kommune)	Kommunane. Materiale blir publisert i haust i samanheng med inspirasjonsdag arrangert for tilsette knytt til fagområde barn, unge og voksne med utviklingshemming.
16.08	Digital prosjektleiarsamling i NVP	Prosjektkoordinator i E-helse Vestland
23.08	Møte med prosjektansvarlege i spydspiss-/deltakarkommunane	Kommunane, Prosjektkoordinator i E-helse Vestland
30.08	Møte i arbeidsgruppa	Arbeidsgruppa
Sept.-nov.	Møter for innspel til MTEK-konferansen i Bergen planlagt 24.-25.11.22	Representantar frå E-helse Vestland
10.09	Leveranse statusrapport juni-august 2022 frå kommunane og det overordna prosjektet	Kommunane, E-helse Vestland

20.09	Workshop i regi av E-helse Vestland <b>AVLYST GRUNNA SJUKDOM</b>	Arbeidsgruppa, E-helse Vestland
27.09	Prosessveiledning milepål 2 i regi av NVP	Kommunane, E-helse Vestland
28.09	Møte for "Tenketanken"	Kommunane
Okt.	Møte for innspel til digital inspirasjonsdag velferdsteknologi i tenester til personar med utviklingshemming i regi av USHT, planlagt til 01.12	Prosjektkoordinator i E-helse Vestland
Okt.	Førebuing til og skriving søknad til Statsforvaltaren	E-helse Vestland
Okt. Nov.	Lage innlegg til MTEK og arbeide med rekruttering til MTEK konferansen	Arbeidsgruppa, kommunane og Tenketanken
18.10	Møte i arbeidsgruppa	Arbeidsgruppa
25.-26. 10	Prosjektleiarsamling NVP i Oslo	Prosjektansvarleg i spydspisskommunane, prosjektkoordinator i E-helse Vestland
31.10	Rekruttering til tenketanken i nettverksmøte	Kommunane
Nov. Des.	Lage disposisjon til kompetansehevingstiltak Podcast. Prøve å finne suksess historier i bruk av VFT til målgruppa.	
01.11	Leveranse milepål: Tverrsektoriel tenebeforløp	Kommunane
03.11	Innlegg "Møteplassen", Koordinerende enhet Helse Fonna om velferdsteknologisatsinga for barn/unge/voksne	Prosjektkoordinator i E-helse Vestland
14.11	Møte i Tenketanken	Kommunane, E-helse Vestland
22.11	Møte med prosjektansvarlege i spydspiss-/deltakarkommunane Tema: prosessveiledning milepål 3: heilskapleg tenestemodell	Kommunane, prosjektmedarbeidar og -koordinator i E-helse Vestland
23.11	Digital prosjektleiarsamling i NVP	Prosjektkoordinator i E-helse Vestland
29.11	Møte i arbeidsgruppa Tema: planlegging fokus og aktivitet 2023	Arbeidsgruppa
01.12	Digital inspirasjonsdag velferdsteknologi i tenester til personar med utviklingshemming i regi av USHT-ene	Kommunane, alle interesserte
01.12	Leveranse milepål 3: heilskapleg tenestemodell	Kommunane
10.12	Leveranse statusrapport september-november 2022 frå kommunane og det overordna prosjektet	Kommunane, E-helse Vestland

13.12	Møte med prosjektansvarlege i spydspiss-/deltakarkommunane Tema: forankring og organisasjonskultur	Kommunane, prosjektmedarbeidar og –koordinator i E-helse Vestland
20.12	Møte i arbeidsgruppa - avlyst	Arbeidsgruppa

## AP 6 Digital kompetanse (Utanforskap)

DELMÅL	RESULTAT
<p>1. Forebygge digitalt utanforskap      2. Formidle gode døme og etablere ny brukaraktivitet      3. Støtte utvikling av samhandling mellom frivillige og kommunane</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunane har etablert samarbeid mellom ungdomsskular og vidaregåande skular, kultur, ulike utval og helse- og omsorgstenestene.</li> <li>- Kommunane har gjennomført tiltak som har auka den digitale kompetansen hos eldre</li> <li>- Spreiing av løysningar i kommunane</li> <li>- Rettleiing til kommunar i deira prosjekt</li> <li>- Avholdt erfaringswebinar</li> <li>- Auka fokus på feltet i kommunane og prosjektet</li> <li>- Har avdekkja eit stort behov som det skal arbeidast vidare med</li> </ul> <p>Erfaringar frå arbeidet med digital kompetanse vert brukt i utforming og tilrettelegging av e-helse løysingar vidare.</p>

### Aktivitet januar-desember 2022

DATO	AKTIVITET	MÅLGRUPPE
<b>01.04</b>	<b>Rapportering på tilskot til HDIR</b>	
28.04	Innspeling av spreiingsmateriale Bjørnafjorden kommune ( <a href="#">Datastove</a> )	Innbyggjarar
Jan- juni	Planleggingsarbeid lokalt i kommunar	Lokale prosjektgruppe
Jan - juni	Aktivitetar i kommunar	Innbyggjarar
30.08	Dialogmøte mellom kommunane og E-helse Vestland	Kommunar
Des.	Søknad om tilskot frå Helsedirektoratet i regi av FFO/E-helse Vestland	Innbyggjarar